

Og mannen han gjekk seg i veda skog
Hei fara i veda skog
Då sat der ei kråka i lunden og gol
Hei fara. Faltu riltu raltura

Mannen han tenkte med sjølve seg
Hei fara med sjølve seg
Skal tru no den kråka vil drepa meg?
Hei fara. Faltu riltu raltura

Og mannen han spente sin boge for kne
Hei fara sin boge for kne
Så skaut han den kråka, så ho datt ned
Hei fara. Faltu riltu raltura

Så spente han føre dei folane ti
Hei fara dei folane ti
Men kråka ho sprengde alle di
Hei fara. Faltu riltu raltura

Så flådde han kråka og lema ho sund
Hei fara og lema ho sund
Ho vog innpå seksten og tjue pund
Hei fara. Faltu riltu raltura

Av skinnet så gjorde han tolv par skor
Hei fara han tolv par skor
Det beste paret det gav han til mor
Hei fara. Faltu riltu raltura

Og kjøtet han salta i tunner og fat
Hei fara i tunner og fat
Og tunga han hadde til julemat
Hei fara. Faltu riltu raltura

Og munnen han brukte te mala korn
Og øyro han gjorde til tutar-horn

Av augo så gjorde han stoveglas
Og nakken han sette på kyrkja til stas

Og den som kje kråka han nytta så
Han er ikkje verd ei kråka å få

Faltu riltu raltura